

Til einskildlagi.

" Dagen har han skapt til dåd " Med desse ordi av Grundtvig, helsar eg ungdomslag og einskildmenn vel møtt til eit nytt arbeidsår. Det er tunge og vanskelege tider ute i verdi. Dei harde sinnelag som krigen hev skapt, tykkjest ikkje vera lette å mildna. Men ungdomen yver all verdi hev teke upp arbeidet for betre skynsemd millom nasjonane, vil at kvart folk og folkeslag skal hava like mykje livsrett og at alt skal löysast på fredeleg vis. Som medlem av denne store samskipnad, tek me som medlemer i Noregs Ungdomslag, idag fatt på vårt store arbeid med å bu oss til betre menneske, betre arbeidarar i kampen for å löysa vår lut av oppgåva. I tru og ålvor tek me so fatt i kvart vårt lag og segjer: den klåre tanke er vår vegvisar, den beste lagsmann er den beste nordmann og dei gode lagi vår trygd. Styret vil her peika på ymist og beda lagi nytta seg av det.

Skrivar. Styret hev tilsett Thor Myklebust som skrivar i fylkeslaget og han hev no teke til i arbeidet. Skrivaren skal hava kontor-dagar i Bergen onsdag og torsdag i fyrste og tridje veka i kvar månad. Kontoret er i Strandgata 77 og fyrste kontordagen vert 16 oktober d.a. Me vil beda styresmenn og lagsfolk som vitjar Bergen å sjå innom kontoret, for der er alltid noko å tala um og de vil der få råd og rett-leiding.

Lagsleidarskeid. Fylkeslaget saman med ungdomslagi "Vidar" og Skuggestrand skipar til skog- og lagsleidarskeid i Indre-Arna i bededagshelgi. Skeidet tek til torsdag kl. 12 og varer t. og m. sundag. Der vert foredrag og utgreidingar yver emne som kjem inn under arbeidet i ungdomslagi, gjeve rettleiding i organisasjons- og lagsarbeid, skogsak, studiearbeid, skofespel, songdans og ymist anna. Me ventar mykje folk til skeidet og vonar alle lag sender utsendingar. For leiken sin part bør lagi senda både gutar og gjentor. Det hev vore høve for lagi å senda so mange elevar dei ynskte, og det vil me no og so langt me kan. Der vert gjeve reisetilskot til utsendingane, men kor stort dette vert kan me endå ikkje segja. Lagi må mel-da frå til underskrivne kven som möter, seinast til 15 oktober.

Stemna. Bergens bystyre hev bede styret i Hordaland ungdomslag og ein utsending frå einskildlag, saman med andre fylkeslag på Vestlandet, til möte og stemna i Bergen 18 og 19 oktober. Me takkar for innbjudingi og for det gode upptaket bystyret her hev gjort for å skapa betre skynsemd millom by og land. Me viser til serskild innbjuding som er sendt lagi og bed alle lagi takka på den måten at dei sender sin målsmann. Me er visse um at det vil verta eit mykje interessant og lærerrikt möte. Me oppmodar dei lagi det kan höva å senda ei kvinna.

Samrådsmöte. Skrivaren saman med styresmenn frå fylkeslaget; skal i vinter halda samrådsmöte med styri og lagsfolk frå einskildlagi. Det vert upp til tvo möter i kvar krins. De vil få serskild melding um desse möti, men me vil beda lagi möta mannsterke fram.

Leikskaid. Rasmus Hvidsten er tilsett som leiklærar i fylkeslaget frå 1 oktober d.a. Lag som ynskjer leikskaid må straks melde frå til leikrådgjevaren Odd Berner Söreide, adr. Söreidgrend. Vilkår for skeidi er, at laget betalar kr. 5,- for kvar elev og fri reis og opphald for leiklærararen.

2).

Studiearbeidet. Når det gjeld studiearbeidet er her mykje uplöygd mark endå. Me vil beda lagi straks å taka upp denne sida ved arbeidet vårt med full kraft. Studiearbeidet vil få mykje å segja i framtidi og studieringen vil ikkje berre verta grunnlaget for arbeidet i einskildlaget, men i heile den frilynde ungdomsrörsla. Mange lag hev skyna dette og gjenge inn for det, dei hev både tvo og tri ringar, men mange lag stend att. Målet vort denne vinteren må vera, minst ein studiering i kvart lag. Gjer vedtak um skiping og vend dykk til studieleidaren vår Victor Krüger, adr. Eikelandsosen. Han vil gjeva råd og rettledning og um de ynskjer det vil han koma å vera med på skipingi.

Kveldskular. Lagi bör meir enn fyrr nytta seg av kveldskular for å eigna til seg kunnskap. I kvar bygd er der visseleg lærarar som er viljuge til å taka timar på ein kveldskule. Stat og herad betalar læreren mot at ein viss del timar vert nytta til visse fag, men resten av timane kan ein nytta etter eige ynskje. Her kan ein t.d. få rettleiding i lægsarbeid, mötestyring, opplæring i bygdestyring og få turvande kommunalkunnskap.

Talarar. Styret hev veteke å lata John Sætre frå Vestlandske Blindforbund reisa i fylket og han kjem til å vitja alle lagi. Sætre er velkjend frå mange reiser fyrr i fylkeslaget og hev alltid noko godt å bera fram. Me bed lagi gjera sitt beste for at det vert eit godt möte når han kjem.

Felespelarar. Styret hev og vore so heppne og fenge dei tvo landskjende hardingfelespelarane frå Telemark Signe Flatin og Torbjörg Aas, til å gjera ei spelferd gjennom fylkeslaget. Dei hev fyrstepris frå kappleikar for heile landet, so det vil verta hugnadstunder å få höyra dei.

Leikleidarskeid. Styret hev ogso eit leikleidarskeid i emning. Det er tanken å halda det i Bergen. Tidi er endå ikkje fastsett, men dette skeidet vil de få melding um seinare.

So ynskjer eg lukka i arbeidet.

Bolstadöyri 18 september 1946.

Beste helsing,

f. styret i Hordaland Ungdomslag,

Harald Bolstad.